

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke med vedtaket gjort i PS 23/16 om tilskotet til Fjord Norge AS.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettposten "Næringsretta partnerskapsmidlar":
 - Partnerskapsmidlar til Fjord Norge AS med kr 3 000 000 i 2016
 - Marknadsføringsstøtte til Destinasjonsselskapa i Hordaland med kr 600 000 for 2016 – 2017
 - Regionråda i Hordaland med kr 1 012 000 i 2016
 - Western Norway Film Commission med kr 500 000 for åra 2016 og 2017
 - Filmfondet Fuzz med kr ~~500 000~~ 300 000 for 2016 *)
 - Maritimt forum Bergensregionen med kr ~~400 000~~ 500 000 for åra 2016 og 2017 *)
 - Design Region Bergen med kr ~~400 000~~ 500 000 for åra 2016 og 2017 *)
 - Knowledge Hub Bergen med kr 100 000 i 2016, samtidig som avtala vert sagt opp med 6 månaders varsel.

*) Sjå fylkesutvalet 25.02.2016, PS 35/16 "Vedtaksretting i PS 8/2016".

2. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettet "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016":
 - NCE Seafood Innovation Cluster med kr 450 000 i 2016
 - Atheno med kr 1 200 000 i 2016-2017
 - Næringshagen i Gulen og Masfjorden med kr 150 000 i åra 2016 og 2017
 - Næringshagen på Voss med kr 300 000 i åra 2016 og 2017
 - Næringshagen i Hardanger med kr 300 000 i åra 2016 og 2017
 - Matarena AS med kr 200 000 i åra 2016 og 2017
 - Partnerskapsavtala med Uptime Centre of Competence vert sagt opp gjeldande frå 2016.
3. For all støtte under punkt 1 og 2 gjeld at støtte for 2017 kan verte justert/endra som følgje av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen, og/eller som følgje av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.
4. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ei eiga sak om fylkeskommunen sitt vidare samarbeid med aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram frå og med 2017.
5. Ordninga med næringsretta partnerskapsmidlar vert gjennomgått av fylkesrådmannen, og eit framlegg til ei søknadsbasert ordning vert fremja til politisk handsaming i midten av 2017.
6. Det vert lagt fram ei eiga sak om Filmfondet Fuzz våren 2016 gjeldande ny struktur og fylkeskommunen si rolle i fondet.